



Stuttrest mat vert seld her!

**Stuttrest mat er in for tida, men det spørs om ikkje Uskedalen og Festidalen har leiinga på området. Uskedalsburgaren som vert servert i festivalområdet skriv seg nemlig frå kalv av Herefordrasen som har beita i nærleiken. - nærare bestemt hos Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland Og ikkje nok med det: Grillpølsa kjem frå Friheim lenger oppe i dalen. Ein viss Peder bakar har forresten baka brødet til, burgaren, men han bur jo heilt ute på Halsnøy og er lite aktuell i denne samanhengen.**

Korleis står det så til med drykk til den stuttreste maten?

Ein skulle kanskje tru at eit aktivt bryggjarlag som har basen sin på festivalstaden var suveren i denne samanhengen, men slik er det ikkje. 11 utanlandske ølsortar er det festival-leinga fristar med.

Så her står ein overfor den klassiske kombinasjon av det nasjonale med det internasjonale. Og ein test fell svært heldig ut.....

Eit måltid som ikkje var stuttrest og som heldt høg hotellstandard. var gratisfrukosten på Systrene Nilsen laurdag føremiddag. Vertskapet føretok inga telling, men det var i alle fall fleire enn 100 som tok imot invitasjonen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Minst 100 tok imot invitasjonen på Systrene Nilsen